

Til Riksantikvaren

Bergen, 13.06.2025

Supplerande innspel til høyring av «Bevaringsstrategi for næringar og industriar sine kulturmiljø».

Museumssenteret i Hordaland, MUHO støttar opp om felles innspel som Norsk Industriarv har sendt inn på vegne av dei 15 TIK-anlegga. Vi ynskjer med dette å komme med eit supplerande innspel knytt til det freda kulturmiljøet *Salhus Tricotagefabrik*.

Salhus Tricotagefabrik AS blei etablert i 1859 og var i drift til 1989, som produserte maskinstrikka klede av ull og bomull. I dag held Tekstilindustrimuseet til i fabrikklokala, der det i tillegg til formidling framleis foregår produksjon av strikka plagg. Bevaringstenestene for musea i Vestland held til i den nyare delen av fabrikken. I 2020 blei fabrikkanlegget med kulturmiljø freda av Riksantikvaren, som døme på tekstil- og konfeksjonsindustrien i Noreg. Tekstilindustrimuseet er i dag ei avdeling i MUHO (Museumssenteret i Hordaland), som også er eigar av fabrikkbygninga og kulturmiljø. MUHO meiner at bevaringsprogrammet har vore særsvellukka, då det har gitt oss føreseielege og berekraftige rammer for å sette istand sjølve fabrikkbygningen og delar av kulturmiljøet. Det er difor viktig at det blir ført vidare med midlar til jamnt vedlikehald. Føremålet med fredinga i 2020 er å bevare det heilskaplege fabrikksamfunnet, Salhus Tricotagefabrik, som består av bygg knytt til produksjon, administrasjon, bustad og sosiale funksjonar. Det skal bevarast som eit kulturhistorisk og bygningshistorisk viktig eksempel på tekstil- og konfeksjonsindustrien i Noreg og vise kor viktig den har vore for sysselsettings- og forbrukarhistorie både lokalt og nasjonalt. Føremålet med fredning av interiør i sjølve fabrikken er å ivareta den nær intakte produksjonslinia som spenner over fleire ledd, frå råvaremottak til ferdige produkt.

I MUHO sin strategiplan for 2022-2027 har vi ei felles målsetting om å vere «Saman om eit synleg og relevant museum som bidreg med kunnskap om kultur- og naturarv for ei berekraftig samfunnsutvikling.” Vi har til no god kunnskap om korleis vi skal forvalte bygningsmiljøet, men mangler kunnskap og ressursar knytt til forvalting, drift og vedlikehald av produksjonslina, som vi meiner må forvaltast som eit levande kulturminne, lik fartøyvernet. Vi ber difor om at det vert innarbeida meir konkrete strategiar og målsettingar for at kompetansen til teknisk-industrielle kulturminne vert halden i hevd. Det må settast av nok ressursar for å sikre overføring av kunnskap av maskinparken og produksjonsline, slik at vi får ivaretatt føremålet med fredinga og samtidig sikre at maskinparken kan vere ein ressurs for opplæring og produksjon av lokal bærekraftig tekstilproduksjon. Sjølv om fleire av maskinene til produksjonslina er intakte, har dei sluttå å fungere grunna mangel på ressursar, kunnskap og kompetanse. Vi er difor bekymra for framtida til det teknisk industrielle kulturminne som Salhus Tricotasjefabrikk representerer. Vi minner også om at sjølv om tilstandsgraden på bygningar og anlegg kan vere god, så kan teknisk industrielle anlegg ha andre og uforutseielege utfordringar. Vi har for tida store utfordringar når det gjeld asbestsanering og har behov for utskifting av gammalt sprinklaranlegg, alarm – og avlaussystem, som igjen fører til for høge forsikringspremier.

Venleg helsing

Elisabeth Halvorsen
Direktør
Museumssenteret i Hordaland

Inger Lena Gåsemyr
Avdelingsleiar
Tekstilindustrimuseet